

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 1

april 2002

Årgang 12



*Her lærer dei å låte ó linke. Frå Strunkevveka 2001*

## Innhald

Leieren har ordet .....	2	Lokalkappleiken .....	8
Takk for meg! .....	3	Brev frå lesarar .....	9
Ny logo for Valdres Folkemusikklag? ..	4	HALDOR RØYNES ÆRESPRIS 2002	9
Ny leiar i Valdres Folkemusikklag .....	4	Nytt frå Jørn Hilme-stemnet .....	10
Strunkeveko 2002 .....	5	Tur til Litauen .....	12
Fredagsdans på Herangtunet .....	7	Påskedansen på Vennis .....	12
Dansekveldar i Vårflaumen .....	7	Påskefest på Herangtunet .....	12
INTERNASJONALE UTVEKSLINGER GJENNOM MUSIKK OG UNGDOM 2002 .....	7	MUSIKKVERKSTAD på Leira skole .	13
		I Valdrestakt informerar .....	14

## **LEIAREN HAR ORDET.**

Låt og link ja, - det er ei fin oppmoding! Og visst er det mange som låt og linkar seg rundtom. Me har nett lagt bak oss påskefestar som bevisar det..? Det er fint med planlagt, organisiert link og lète. Dessutan blir det fyldige årsmeldingar av slikt.

Sjølv om det er noko eige og svært verdfullt ved det spontane, - ved svingomen på kjøkken-golvet, kvedinga i dusjen, lète ved ettermiddagskaffien, so har altså underteikna saman med 8 styremedlemmer gjeve seg ut på ei oppgåve der nett ”innhaldet i årsmeldinga” / organiser- ringa av låtten og linken er det viktige.

Folkemusikklaget hadde årsmøte like før påske. Møtet har lagt føringar for det nye styret og vedteke eit program som er ei god rettesnor for arbeidet. Eg nemner kort; læreplan i folkemu- sikk (skreddarsyng av opplæring), ungdomsgruppa I Valdrestakt, kurs for lydteknikarar, få oversikt over eiga i laget, finnast på internettssider, utanom dei faste tilskipingane Jørn Hilme- stemnet, Strunkeveko og - Låt o Link. Nye styret har sjølvsagt ikkje hatt møte enno, men eg håpar alle gledar seg til å ta fatt på desse viktige oppgåvene.

Arbeidsprogram er ein viktig reiskap mellom årsmøter. Det er difor synd at tida til å drøfte slike punkt ofte blir for knapp. Sjølv om ”ein må kjenne fortida for å kunne planleggje framtida” ber nok årsmøtet for mykje preg av årsmeldingar og rekneskap. Det ideelle vore om alle styremedlemmene var tilstades på møtet og kunne la seg inspirere av glødande framtiddebatt. I år ville for eksempel innleiinga om ”Arnestadutvalet si innstilling” ha vore yppelag drivstoff i debatten.

Det vart inga leiarstrid før valet på årsmøtet i år. Valnemnda hadde gjort godt arbeid, kontakta over 50 leiarkandidatar før dei fekk napp i siste runde. Det er klart det hadde vore artig å vinne ein plass som alle 50 ville hatt, i staden for å tru at ”ideligen er det je som får dom verste jobba”. Men sant og seie syns eg det skal bli artig å gå inn i oppgåva, få oversikt over folkelæte/link-livet i Valdres og prøve å leggje til rette for at folk skal ha det artig til inntekt for eigen kultur. Vinklinga mi har for det mest vore musikkkulen, instrumentomsorga og songen i dusjen, noko som kanskje òg gjev forståing av kvar danseskoen trykker for den som har slikt på.

Som sagt er det 8 styremedlemmer attåt leiaren som skal samarbeide om lagsoppgåva, + dagleg leiar Solveig. Utanom dette er me svært heldige som har ei fantastisk ståpågjeng som tek hand om lokallkappleiken, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Eg nyttar høvet til å seie hjartans takk undervegs!!

Nils Rogn fråsa seg altså leiarjobben for Folkemusikklaget i denne omgang. Han er å finne på varalista, eit alibi for den nye leiaren ved utidig rådslagning. Ein takk òg til resten av førre styre for innsatsen og for tilrettelegginga for oss som skal føre dette vidare!

”ideligen blir dette ta dom artige jobba”, - berre me tek oss tid til spontan sideridideridei’san!

# TAKK FOR MEG!

Kjære folkemusikkvenner!

Sidan dette nummeret av «Låt o link» ikkje kom ut før årsmøtet slik meiningsa var, får det bli nokre ord i etterkant. Rett nok er eg ferdig med leiarvervet, men det betyr jo ikkje at eg heilt har mist interesse og ansvar for Valdres folkemusikklag. Dessutan høver det vel å takke for seg?

Aller først ein takk til Oddrun som sa seg villig til å overta leiarvervet. Det er ikkje lett å få nokon til å ta slike jobbar i dag, alle har visst meir enn nok å fylle fritida med. Men det har heldigvis blitt litt mindre tyngande å leie Valdres Folkemusikklag. Etter at Solveig kom inn som dagleg leiar, har det nærmast blitt ein leik! Dessutan er det andre som tek seg av dei store og arbeidskrevjande oppgåvane som Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet. Likevel er det sjølvsagt att nok av oppgåver å ta fatt på, og det er berre å ynskje Oddrun og det nye styret lykke til!

Så skulle ein tru at alt er såre vel i det regionale folkemusikkarbeidet. Det er det vel også, for så vidt, men oppslutning og engasjement frå nokre fleire hadde vore kjærkome. Det er eit lite varsku at tre medlemslag og fleire styremedlemmer uteblir frå årsmøtet. Eit årsmøte har vel aldri vore den heilt store publikumssuksessen, men det er her statusen blir oppgjort og signala gjeve for kurset vidare. Kanskje er det slik at dei fleste har nok med sine lokale lag og saker, og ikkje prioriterer å bruke ein fredagskveld på det regionale.

Omorganiseringa som vart gjennomført for nokre år sidan har ikkje vitalisert Vfl slik som tanken var. Det at kvart lag no er representert i styret har ikkje auka kontakten eller interessa. Det å vera med i styret i Vfl blir helst sett på som ei tilleggsbelastning, og ikkje ei mulegheit til å gjera ein innsats for heile folkemusikk-Valdres. Spørsmålet er om det blir betre med ei anna organisering (den gamle?), eller at dette er noko ein må leve med.

Men no er det på tide å takke for seg! Trass mine ankepunkt over, har det vore artig og interessant å vera med i Vfl att. Lovande for utviklinga framover er det at så mange unge ser ut til å fatte interesse for folkemusikk og -dans. Hilme-stemnet er i ei rivande utvikling, og Strunkeveko ser ut til å ta heilt av. For meg er det berre å ynskje lykke til vidare, både på lokalt og regionalt plan!

Nils

*Leiaren sitt innlegg kom litt for seint til å bli med no. Du kan likevel lesa det på internett: <http://home.no.net/vangspel>. Gå til VFL sine sider der. Det ligg også i den elektroniske utgåva av Låt ó Link på same adresse.*

## NY LEIAR I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

På årsmøtet i VFL den 22. mars vart Oddrun Hegge valt til ny leiar. Vi ynskjer hjarteleg tillukke med vervet!

På møtet vart det elles notert ein del nye medlemmer til styret:

Vårflaumen: Bjørn Strand/ Tone Voldhaug (vara)

Øystre Slidre: Bente Oxhovd/ Tordis Gjevre (vara)

Vestre Slidre: Gjermund Før/ Astrid Bråten

Valdreskvelven: Kari Hagaset/ Nils Rogn

Valdres Folkemuseum, Valdreslaget i Oslo, Etnedal spel- og dansarlag og Begnaljom spel- og dansarlag hadde ikkje valt styremedlem til VFL før årsmøtet.

Frå referatet kan vi elles ta med at det er interesse for å søkja om å få arrangere landskappleik. Men det er to grunnar til at ein er avventande no. Den eine er at Øystre Slidre søker, og då er det lite sannsynleg at Valdres Folkemusikklag får den på ei stund. Den andre grunnen er at Jørn Hilme stemnet krev såpass mykje dugnadsinnsats at det er lite å gå på når det gjeld tilgang på frivillig arbeid.


Jørn Hilme-stemnet gjekk ikkje så bra økonomisk i fjar, og det gjorde at VFL ikkje fekk inn dei pengane som det var rekna med av overskotet til stemnet.

Det vert også diskutert korleis ein skal unngå altfor mange kollisjonar i arrangement i folkemusikkmiljøet i Valdres. Dette gjer sitt til at mange arrangement går med underskot. Det trengst ei samordning frå regionlaget.

Sjå elles fullstendig referat på: <http://home.no.net/vangspel>

## NY LOGO FOR VALDRES FOLKEMUSIKKLAG?

*Interessa for å bidra til at me får oss ein logo i Vfl har ikkje vore så altfor stor. Berre ein innleverar har kome med forslag, og me treng fleire før me bestemmer oss. Odd Karlberg har levert tre gode forslag som me gjev att her. Så er det opp til deg anten å gje oss melding om kven du synest er best, eller levere eit anna forslag. Kom igjen!*



# **STRUNKEVEKO 2002**

## **Kva skjer?**

*Du bur, spelar og dansar saman med 99 andre ungdommar, og får undervisning i hovudinstrumentet ditt av kjekke unge lærarar. Undervisninga føregår både i grupper og individuelt.*

## **Kvar og når skjer det?**

*Strunkeveko blir arrangert på Valdres Folkehøgskule, Leira i Valdres, frå sundag 21. til fredag 26. juli. Både elevar og lærarar bur på folkehøgskulen og et alle måltid der, om ikkje anna er avtala.*

## **Kven kan koma?**

*Strunkeveko er fyrst og fremst for ungdommar frå austlandsområdet, i aldersgruppa 10–20 år. Skal du vera med på fele-, hardingfele- eller toradarkurset, bør du ha spelt i to år. Vil du vera med på langeleik, song eller dans med vekt på halling, treng du ikkje ha så lang erfaring. Meisterklassa er for vaksen og resirkulert ungdom, sjå nedanfor.*

## **Kven underviser?**

*Kjekke unge lærarar i hovudsak frå tradisjonsdistrikt på Austlandet. Her er namna:*

*Fele: Jorun Marie Rypdal Kvernberg, Gjermund Larsen, Andreas Skeie Ljones  
Hardingfele: Bård-Vegard Bjørhusdal, Tore Bolstad, Hilde Kirkebøen, Niels J. Røine*

*Langeleik: Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Gøril Ramo Håve, Bergljot Hedda Lunde*

*Song: Gunnlaug Lien Myhr, Hege Nylund*

*Dans med vekt på halling: Magne Kleiveland, Martin Myhr, Ami Petersson*

*Toradar: Aaste Kveseth, Stig Nilssen*

*Meisterklassa: Håkon Høgemo og Leif Inge Schjølberg*

## **Kva kostar det?**

*For deg til og med 15 år: kr 1900*

*For deg over 15 år: kr 2200*

*For meisterklasseelevar: kr 2200*

*Dette dekkjer kost, losji og undervisning under heile kurset. Det kan vera lurt å søkje heimkommunen din og det lokale folkemusikklaget om stønad.*

## **Meisterklassa, kva er det?**

*Meisterklassa (masterclass) er eit seminar for vidarekomne fele- og hardingfele-*

*utøvarar. Kurset har 20 undervisningstimar. Det begynner tysdag morgen og varer til fredag. Kvar deltarar får individuell instruksjon, men skal òg presentere sitt eige stoff i plenum. Dessutan blir det noko fellesundervisning. Fredag blir det ekskursjon til Øystre Slidre. Sjå omtale under Jørn Hilme-stemnet.*

### **Får me gå på konsert?**

*Ja, måndag blir det konsert med lærarane på folkehøgskulen. Onsdag blir det konsert med lærarar og elevar frå meisterklassa på folkehøgskulen. Torsdag får me høyre (og sjå!) gruppa Hått i Slidrehuset på Valdres Folkemuseum.*

*Konsertane er opne for andre enn kursdeltakarane. Sjå omtale under Jørn Hilme-stemnet.*

### **Får me spela på konsert?**

*Ja, også i år blir det sjokoladekappleik, der alle som vågar seg frampå, får sjanse til ein sjokolade. (Eller var det gulrotkappleik i år?) Dessutan må alle få med seg slekt og venner til Strunkis 2002, avslutningskonserten fredag der alle strunkelevar tek del. Sjå omtale under Jørn Hilme-stemnet.*

### **Kva er strunkeveko?**

*I gamle dagar var strunkeveka veka før slåtten, då ein skulle samle krefter til slåttonna. Ordet har seinare gått ut av bruk, men me syntest det var eit godt ord som fortente eit nytt innhald. No, etter fire strunkeveker, veit alle at Strunkeveko er eit sommarkurs i folkemusikk for barn og unge.*

### **Kven står bak?**

*Valdres Folkemusikklag samarbeider med Norsk Musikkråd – Oppland om Strunkeveko. Ei styringsgruppe på fire gjer det praktiske arbeidet.*

### **Når er fristen?**

*Fristen er 1. juni 2002. Det er lurt å vera ute i god tid, for grensa går ved 100 deltagarar.*

### **Vil du ha fleire opplysningar?**

*Ring til dagleg leiar for Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, Solveig Hårdnes, på tlf. 61 36 46 71, send ein faks på 61 35 99 01 eller ei e-postmelding til [leiar@strunkeveko.com](mailto:leiar@strunkeveko.com). Sjå òg heimesida vår: [www.strunkeveko.com](http://www.strunkeveko.com).*



Eigvegen 23, N-2900 Fagernes T: 61 36 04 40 F: 61 36 14 46

**Velkommen til  
Hansereiser**

Vi gir deg studie- og  
klasseturar i Europa.

Ferdig- eller skreddersydde turer til Europas storbyer og landsbygd følger dere fra forberedelser hjemme i Norge videre til planlagte faglige opplevelser. Reiser med buss, båt og fly.

Ta kontakt for nærmere informasjon; [www.hansereiser.no](http://www.hansereiser.no)

Veleigna for spelemannslag som skal reise på tur!

# FREDAGSDANS PÅ HERANGTUNET

Den fyrste fredagen i kvar månad er det fredagsdans i Speleemannstogo på Herangtunet. Øystre Slidre Spel og dansarlag ynskjer å invitere

alle danseglaide i heile Valdres til å koma på desse kveldane.

*Fredagsdansar framover: 3 /5, 7 /6, 5 /7, 2 /8.....*

*Utanom dette er det søndagsøving den 3. søndagen i kvar månad.*

*Velkomne !*

*Helsing Øystre Slidre spel og dansarlag*

---

## DANSEKVELDAR I VÅRFLAUMEN

Fredag 26. april: 18.30: Tango 19.30: Springar m.m.

Fredag 31 mai: 18.30: Tango 19.30: Springar m.m.

Fredag 14. juni: 18.30: Tango 19.30: Springar m.m.

Alle kveldane på Valdres Folkehøgskule, tømmerbygningen, fyste til høgre.

*Vi stiller til lagdansen i Vågå. For å sikre oss at vi tek fysteplassen i år, er det viktig at alle stiller på øving. Forfall kun med grunnlag i legeattest! (Ingar, du må dokumentere at du er overtrena!)*

---

## INTERNASJONALE UTVEKSLINGER GJENNOM MUSIKK OG UNGDOM 2002

**Norsk seksjon av Jeunesse Musicales**

**Tollbugt. 28, N-0157 OSLO**

**Telefon: (+47) 22 42 45 50.**

*I 2002 vil vi arbeide for at unge norske musikere kan få delta ved f.eks.*

- *Musik Direkts Riksfestival i Motala, 9. - 11. mai*
- *Ethno 2002 - folkemusikkseminar i Falun, 5. - 12. juli*
- *Tremplin - festival i Belgia, 5. mai*

*Musik Direkts Riksfestival er primært en festival for svensk ungdom. Det er imidlertid anledning for oss å sende en gjestegruppe som opptrer på ulike utedsteder i tillegg. Arrangørene kommer tilbake med opplysninger om hvor mange ganger man for opptre. De utenlandske grupper konkurrerer imidlertid ikke om de ulike prisene som deles ut under festivalen. Alle typer sjangre er velkomne. Alder: 15 - 19 år*

*Tremplin - Festival i Belgia 5. mai. Festivalen er åpen for utøvere av all akustisk musikk, uansett sjanger. Informasjon om sted for festivalen kommer senere. Alder: 15 - 30 (de fleste deltakere er 20 - 24 år)*

*Ethno - folkemusikkseminar i Falun 5. - 12. juli På seminaret deltar ungdommer fra flere land med folkemusikk/tradisjonsmusikk som felles interesse. Ungdom underviser ungdom i sine musikk-tradisjoner. Alder: 16 - 25 år*

*Nærmore informasjon om de ulike festivalene kan fås ved henvendelse til Musikk og Ungdoms kontor. Vi ber om tilbakemelding så snart som mulig og trenger i den forbindelse informasjon om søkeren (navn, alder, instrument, navn på gruppe m.m.) i tillegg til innspilling (tape/cd/video).*

# Velkomen til kappleik og runddans 2002 i Skrautvål 13.04.02

Dette er fjerde året nordaurdølane arrangerer stemne for Valdres. Sist gong var i Ulnes i 1998. Denne gongen er arrangementet lagt til skiløperbygda Skrautvål. I år heiter kappleiks-generalen Bjørn Strand. Han og dei andre i komitéen vil gjøre sitt for at du skal trivast. Har du spørsmål kan du kontakte stemmekontoret.

Velkomen!

## PROGRAM

**Kl. 10.00** Tevlingskontoret opnar

**Kl. 11.00** Tevlingsane startar med solo og samspel:  
*Vokal*  
*Langeleik*  
*Andre eldre folkem.instr.*  
*Hardingfele*  
*Durspel bygdedans*  
*Durspel runddans*  
*Andre instr. runddans*  
*Dans*  
*Open klasse*

**Kl. 20.00** *Lagdans*  
*Samspel runddans eldste klasse*  
*Runddanstevling*

**Kl. 21.00** Premieutdeling

.....og dansean fortsett

### Prisar:

Enkel deltakaravgift	80,-
Rekrutt	50,-
Lagdans eldste klasse	800,-
Lagdans yngste klasse	500,-

Dag- og kveldsbilett	
Vaksne	120,-
Bom	50,-
Dagbillett	
Vaksne	80,-
Bom	50,-
Kveldsbillett	
Vaksne	80,-
Bom	50,-

Deltakarbillett gjev gratis adgang til festen på kvelden.

## *Cafe de Skrautvoul*

Ope frå kl. 10.30.

Kjøkkenpersonalet med Ada Rabben i spissen serverer god heimelaga laupskaus samt andre gode smårettar.

### Dommarar:

Eldre folkemusikkinstrument/vokal/open klasse  
Kari Hagaseth, Kari Steinsrud og Knut Aastad Bråten

### Spel/open klasse

Jan Arne Sebuædegård, Ola Norvald Hagen og Egil Engen

### Dans:

Armlaug Ringstad, Sidsel Reine og Magnus Einang

### Deltakarpremie

Er ein fotokopi av gamle, fine spelemenn og -kvinner frå Valdres.

**Arrangør: Vårflaumen  
spel- og dansarlag**

# BREV FRÅ LESARAR

Hei

Vet jeg er litt sent ute, men tenkte først dette ikke var så relevant.

Men det har seg slik at halve Askerladden har tilknytning/bor i Valdres - så da er det kanskje aktuelt allikevel - om dere ikke allerede er i trykken.

Askerladden som består av Asle Tronrud (hardingfele), Olav Tronrud(trekkspill), Ingunn Bjørgo (trekkspill og torader), Bjørn Kise (bass) og Åsmund Bakken (gitar) er nemlig iferd med å spille inn Cd. Dette blir en gammeldansplate, med kun egenprodusert stoff - dvs. låter med signatur Bjørgo og Tronrud. Her blir pols, reinlender, vals og gallopper, samt en knakende god masurka av Kim Tronrud.

Plata beregnes å være ferdig i begynnelsen av juni. Askerladden drar nemlig på 14-dagers spillejobb til nord Dakota, USA i juni - og har lovet arrangørene at en rykende fersk gammeldansplate skal være med i bagasjen.

Med vennlig hilsen: Ingunn Bjørgo, Drengsvei 38, 1385 Asker, Tlf 91324861

## Lokalkappleik/runddansstemne.

Eg vil kome med eit kort innlegg angåande inndelingar av klassene. Ettersom arrangementet er eit fellesarrangement for både lokalkappleik og runddansstemne, gjer det at ein bør tenke alternativt i forhold til klasseinndeling. To stemne på ein og same dagen krev i utgangspunktet svært mange klasser, noko som kan synest unødvendig. Få deltakrar i kvar klasse gjer kappleiken både dyr, med tanke på innkjøp av premiar, og lite inspirerande for deltakarane. I langeleikklassene har ein alltid opepert berre med junior- og seniorklasser samt det siste året samspel junior og senior. Dette synest eg er ei fornuftig inndeling som og burde gjelde dei andre instrumenttypane samt dansen.

På lokalkappleiken og runddansstemnet har deltakartalet i dei klassene der innføringa med A, B, C og D klasser vart innført, ikkje vore dei heilt store. Eg trur me difor ikkje skal vere redde for å tenkje sjølvstendig i forhold til det tradisjonelle kappleikssystemet og utvikle vårt eige system som kan fungere bra for oss.

Eg håpar Valdres Folkemusikklag kan ta spørsmålet om klasseinndeling opp til debatt.

Knut Aastad Bråten

## HALDOR RØYNES ÆRESPRIS 2002

for framifrå innsats for folkemusikk og dans skal delast ut på Jørn Hilme-stemnet i år.

Begrunna framlegg til kandidatar sendes til nemnda for mingefondet v/ Anne Marie Aastad Bråten, Ranheimsbygda, 2900 Fagernes **innan 1. juli.**

# NYTT FRÅ JØRN HILME-STEMNET

Planlegginga av stemnet er i god gjenge. Programmet og budsjett vart spikra før jul, internetsidene er oppdatert, og dei aller fleste nemdleiarane er på plass. Karen Marie Kvåle held fram som leiar for stemnet. Økonomisk er målet å rette opp dei problema vi opplevde i 2001, då dei budsjetterte stønadene svikta og vi fekk ein skikkeleg økonomisk nedtur.

## Vedtekter for stemnet

Vi som har arbeidd med stemnet dei siste åra har følt eit behov for å formalisere den praksisen som har utvikla seg, der ei ad hoc styringsgruppe og dagleg leiar har take mykje av den overordna planlegginga av stemnet. Gruppa har særleg drivi med økonomistyring og programminnhald. Vi laga difor eit forslag til vedtekter for stemnet. Desse vart med nokon endringar, vedteke av årsmøtet i Valdres folkemusikklag i mars. Arbeidsdelinga mellom styret i Valdres Folkemusikklag, det nyopprettet ”styret for Jørn Hilme-stemnet”, dagleg leiar og hovudnemnda blir regulert, og vedtekten tek også opp spørsmål om budsjett, rekneskap, målsetjing osb.

## Programmet i 2002.

Om programmet kan vi kanskje seia at ”Vi bruker same leisten som tidlegare år”. Rett nok er programmet større enn tidlegare, men leisten er altså den same. Så spørrs det om leisten blir for trong? Vi har altså prøvd å ta omsyn til dei ulike ”pressgruppene” som besøker stemnet. Det blir difor solokonsertar med hardingfele, fele, langeleik og kveding, gamaldans etter P A Røstad jrs orkester, arrangert runddanskonsert ved gruppa Hått, kulturhistorisk busstur i Øystre Slidre og mykje meir. Pressgruppa hans Bjørn Strand vann derimot ikkje fram med kravet om kurs i heftig argentinsk tango. Vi oppmodar denne pressgruppa om i staden å innføre nokon av dei ønskte elementa i springaren.

Ei viktig nyskaping er at vi har vald å kaste oss på tingingsverkmota. Førde-, Ål- og Bø-festivalane presenterer fleire slike bestillingsverk kvart år, og får mykje godvilje frå pengeutdelarane for det. Vi trur også det er positivt for stemnet at vi har ambisjonar om å presentere nyskapt folkemusikk, nyskaping og tradisjon er i følgje dei nye vedtektena viktige element i stemnet.

”**Mellom himmel og hav**” er konsertnamnet, og vi har engasjert Henning Andersen, Vegar Vårdal og Kjersti Vindal til å utforme konserten. Henning kjenner vi sjølv sagt frå før, både som tradisjonsspelemann og nyskapande konserthaldar. Vegar Vårdal spelar fele og hardingfele, og var den første som tok høgare



Bestillingsverk: ”Mellom himmel og hav”

utdanning i dette ved Noregs musikkhøgskule. Vegar har tradisjonsbakgrunn frå Rogaland og Nord-Noreg og har allsidig bakgrunn som solospeleman og arrangør. Kjersti Vindal spelar harpe; ikkje munnharpe og ikkje langhørpe, men klassisk konsertharpe. Det gjer ho så bra at ho er 1. solist ved symfoniorkestra i Trondheim og Helsingfors. Det blir ikkje berre klassisk, snill englemusikk vi får høyre, tvert imot melodiøs, arrangerert, superenergisk folkemusikk, då Kjersti også har arbeidd mykje med folkemusikk. Vi er sikre på at kombinasjonen av Henning og utbyggingar vil føre til noko nytt, spanande folkemusikalsk.

Som ein følgje av samarbeidsavtalen med handelsstanden blir det også nokon fleire aktivitetar i Fagernes sentrum

(m.a. konsert med Majorstuen spelemannslag på Briskeby kunstCAFÉ ”) , vi held elles fram familiesatsinga på museet med barne-teater og godkaropplæring for ungar. Hauk Buen, Tore Bolstad, Margit Sandemo!, Berit Opheim, Ole Aa i Brøta, Knut Aa i Brøta, Jan Arne Sebuødegård, Frank Rolland, Hege Nylund og Atle Lien Jensen er intim-konserthalldarar i år, og det blir plateslepp med opptak av Harald Fylken. Det er verdt å merke seg at det blir høve til å kjøpe billettar på førehånd. Det er alt no fleire som har lagt seg fram-for billettluka.

Eit av dei største høgdepunkta på stemnet er kapp-leiken, og vi vonar å sjå folkemusikk-elskande valdrisar framom, på, bak, under, ved og over scena. Hugs også at det er høve til å konkurrere om Røinisbøgin, vandrepromien som er sett opp til beste spelemann på fele eller hardingfele.

For komplett program kan ein sjå internett: [www.hilme.com](http://www.hilme.com) eller dei nye foldarane som er ferdige i midten av april.

Vel møtt!

*PS, Vi treng vaktsjef. Er det ein skummel type som kan tenke seg å skumle litt, kan han melde seg til Solveig på telefon 6136 4671. Dersom nokon snille folk er interesserte, tilbyr vi å betale for deltaking på Nils Rogn eller Oddrun Hegge sitt "bli skummel-kurs".*



## TUR TIL LITAUEN

ER DU MELLOM 12 OG 18 ÅR OG HAR LYST PÅ TUR TIL LITTAUEN?

Me her fått ei innbeding frå Littauen til ein musikk/dans og handverksfestival som går dagane 24. – 30. juni. Enno er det ikkje mange nok til å få til ei gruppe, så har du lyst til å bli med må du ta kontakt. Det er ein internasjonal festival og valdresgruppa blir det norske innslaget. Me lovar ei fin oppleving hjå eit ope og gjestmildt folk! Festivalen går rett nok parallelt med Landskappleiken, men ikkje alle skal dit.. Me treng deg anten du dansar, spelar, syng eller driv med handverk!

Er du over 18 år og har lyst til å bli med som reiseleiar så tek du òg kontakt!!

Tlf. 6136 5652 Oddrun

## PÅSKEDANSEN PÅ VENNIS

*Denne hadde vi i gamle skulehuset onsdag 27. mars 2002, kl.1930.*

*Det var dans til Valdreskvelven og loddsalg og traktrering. Det var mange nye danselystne med på festen. Det kunne godt ha vore fleire, men dei som var der hadde det fint.*

*Vi vil håpe at Valdreskvelven greier å halde denne tradisjonen ved like, for det er ei samversform som held på å bli borte. Det ville vera synd, då det er svært verdifullt å samlast på denne måten.*

## PÅSKEFEST PÅ HERANGTUNET

*Øystre Slidre spel og dansarlag inviterte til påskefest onsdag den 27. mars.*

*Fyrst var det ein vellukka konsert med Tore Bolstad.*

*Etter konserten vart det spelt opp til både rundans og springar. Godt humør og framifrå dansespel på torader, trekspel, nykkelharpe, vanleg fele, hardingfele sørgja for ein triveleg start på påska.*

# MUSIKKVERKSTAD PÅ LEIRA SKOLE

Laurdag 27.april kl 12.00 –18.00

Tilbodet går i fyrste rekke til medlemmer i Vårflaumen og elever i Nord-Aurdal musikkskule, men andre er velkomne så langt plassen rekker.

Vi har fått med kjempekuule instruktører :

*Lausdans og godkarstykker med Martin Myhr (frå kl.13.30)*

Hardingfele med Håkon Asheim og Henning Andersen m. fleir

Langeleik med Oddrun Hegge og Knut Aastad Bråten m.fleir

Torader med Tom Kjetil Tørstad

Song, dans, og spetakkel med Ellen Persvoll

## Påmelding innan

20. april til :

Bjørn Strand ,  
tlf.**61363700** eller  
Elisabeth Kvaerne  
**61365190**.

Vi har fått støtte fra  
Musikkverkstad-  
midler til kursa.

Kursa er såleis gratis  
for medlemmer av  
Vårflaumen eller eit  
anna medlemslag i  
Landslaget for spele-  
menn,

Det koster 80 kroner  
for dei som ikkje er  
medlemmer ,og dette  
gjelder som årspen-  
ger dersom delta-  
karen melder seg inn  
i Vårflaumen , eller  
eit anna medlemslag i  
Landslaget for spele-  
menn..

Prisen inkluderer ei  
matøkt og anna fryn-  
segoder....

Ta gjerne med utetøy  
for ei fotballøkt om  
du vil !

All hjelptil praktisk avvikling og artige aktiviteter tek vi imot med stor takk !!  
Velkomne til ei trivelig og lærerik laurdag med Vårflaumen spel og dansarlag !!!

### Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar  
for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale  
sparebank eller Torbjønn  
Langødegård ved vårt felles  
salgskontor på Fagernes



### Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar  
for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseidommar
- Motortykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på Fagernes

### Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov  
for forsikring av liv og helse

- Død
- Uforekapital
- Uforepension
- Operasjonsforsikring
- Kritisisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på  
Fagernes



Etnedal Sparebank

Vang Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)

Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)

Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)

Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)

Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)



# B



- Lokalkappleik, Skrautvål 13. april 2002
- Musikkverkstad på Leira skole laurdag 27. april kl 12.00 –18.00

## I VALDRESTAKT INFORMERAR

*Etter ein stille haust og vinter utan nemneverdige bukkesprang, går I Valdrestakt-*

*ungdommen våren i møte med friskt mot og ny danseiver. Mange har lenge hatt eit ynskje om reprise på landskappleikdeltakinga på Voss for to år sidan. Me håpar difor*

*å kunne stille eit nytt I Valdrestakt-lag til Landskappleiken på Vågå i år. Men, me treng mange folk og me må øve!*

*Ei gruppe på tre personar har sete saman og kome fram til desse seks dansekveldeane før Landskappleiken på Vågå, 26. - 30. juni:*

*Sundag 14. april kl. 1900 på Slidrehuset*

*Sundag 28. april kl. 1900 på Slidrehuset*

*Sundag 12. mai kl. 1900 på Slidrehuset*

*Sundag 26. mai kl. 1900 på Slidrehuset*

*Sundag 9. juni kl. 1900 på Slidrehuset*

*Fredag 21. juni kl. 1900 på Slidrehuset*

*samt ei intensivøving på Vågå.*

*Då sjåast me på Slidrehuset, anten du blir med til Vågå eller ei!*

*Helsing*

*Hallgrim*

*41222769*

*Ragnhild*

*99274880*

*Ole*

*90763635*

**Øystre Slidre spel og dansarlag, Valdres Folkemusikkklag samt alle  
dei andre spelemannslaga i Valdres gratulerer  
Berit Steinsrud med 80-årsdagen den 4. mai!**